

Grunneigarane

Anne Pilar Aarseth & Øyunn Kleiva

Vartdal, 19.september 2018

Til

Olje- og energidepartementet

ved NVE

Påklage over NVE sitt vedtak om minstevassføring i Risaskarelva der Tussa Energi er søker for å oppruste Vartdal kraftverk- i Ørsta kommune i Møre og Romsdal

Vi viser til dykkar vedtak av 30.08.18. Dykkar ref. 201603574 saknr-21.

Påklaga gjeld storleiken på den sesongbaserte minstevassføringa og då på slepp av minstevassføring på 22 l/s i tida 01.5. til 30.09. og 5 l/s resten av året. Vi meiner denne er for låg både i sommarhalvåret og i vinterhalvåret.

NVE skriv sjølve at Risaskarelva er godt synleg i landskapet både lokalt og på avstand frå E-39. Elva er også godt synleg frå Vartdalssfjorden og Breisundet der det er mykje turistskipaktivitet gjennom året. Hurtigruta går no dagleg inn Hjørundfjorden. NVE skriv at 5 l/s frå 1.okt – 30.april knappast vil vere synleg. Vi vil ha ei elv som er synleg heile året.

Ikkje eit risikofylt utbyggingsprosjekt

Tussa har skreve at utbyggingskostnaden vil vere på 40 mill.kr. Det står også at bygda har 243 husstandar og plastindustrien treng straum. Eit raskt reknestykke viser at viss for eksempel dei 243 husstandane bidrar til at Tussa får strauminntekter på 17000,- i året, så vil Tussa få inn 4,1 mill berre på eitt år frå husstandane aleine. På 10 år er utbyggingskostnadane betalt ned. Då er ikkje det industrien betalar inn teke med. Dette er **ikkje eit risikofylt** utbyggingsprosjekt Det vil lønne seg i all framtid. Og det er ikkje frå sommarkrafta Vartdal kraftverk vil produsere mest.

Men kva er verdien på ei låg minstevassføring? Kva er det vi taper på at elva ikkje blir synleg og at bygdefolket og tilreisande ikkje lenger vil få høyre brusset frå elva på store nedbørsdagar? Mest sannsynleg vil dei 22 l/sek minstevassføring fordampe på veg ned Skaret. Vi som bur her får oppleve mindre naturmangfald og friluftsliv glede. Vi misser noke av vår eigen identitet som bygdefolk. Vi er

både stolte og glade i naturen og fjella våre. Ved ny flaumløpsterskel vil det bli færre overløpsdagar. Tussa skriv frå 213 til 44 dagar. Røyra får ein diameter på 600/500 og slukeevna blir meir enn tredobla frå 225 l/s til 750l/s. Her er det store moglegheiter til å tene pengar.

Minstevassføringa på 22l/s i sommarhalvåret er for lita. Ved å auke minstevassføringa kan ein for eksempel forskyve eller starte vinterproduksjonen frå for eksempel 10.september til 10.mai.

Det bør vere mogleg å auke minstevassføringa til 40 l/sek i sommarhalvåret. Ved å justere slukemengda av vatn i dei periodene der det er mest nedbør. På denne måten kan minstevassføringa aukast på vinteren til 20 l/s.

Vi har ikkje sett visuelt med foto korleis det vil sjå ut frå bygda med 22 l/s eller for eksempel 50 l/s.

Vartdal kraftverk vil ikkje i ein større samanheng produsere mykje kraft i året- 9 GWh. Dette er som skreve før ikkje eit risikoprojekt. Kven betalar prisen? Det er det befolkninga i bygda og framtidige generasjonar og økosystemet. Det bør vere mogleg å møtast nærmare i eit vedtak slik at fleire interesser og partar blir ivaretekne.

Ved å ha eit heilskapleg - og økologisk perspektiv vil alle partar- både næringsliv, menneske og dyreliv/fugleliv kome best ut når utbygginga er gjennomført. Det kan sjå ut som om vi har mykje natur å ta av – dette stemmer ikkje. Stykkvis misser vi områder i fjellheimen vår. Og det er kanskje dette vi skal leve av i framtida- uberørt natur, dyr på beite og turisme.

Naudtapping Svartevatna - søknad Vartdal Vassverk NVE

To saker heng i hop i dette utbyggingsprosjektet. Minstevassføringa skal ikkje bli gjennomført ved tapping av Svartevatna- dette er kun ved behov for naudvatn til industrien i bygda (jf søknad om naudvasstapping frå Vartdal Vassverk til NVE). NVE vektlegg ivaretaking av vassverket sine interesser og ser dette i samanheng med minstevassføringa. Dette er basert på ei feiloppfatning at vassverket får alt sitt vatn gjennom turbinane. Dette er feil. Vassverket sin dam ligg i elva nedafor turbinane og tek imot vatn både frå turbin og sjølve elva. NVE si hoved grunngjeving for minstevassføring fell difor bort og vi meiner NVE på ny må vurdere om ikkje minstevassstanden kan hevast.

Skilting og måling av minstevassstand

Vi ber om at kravet om minstevassføring blir informert og registrert ved det nye kraftanlegget slik at ålmenta kan sjå dette på staden.

Det skal også vere synleg fysisk kor mykje minstevassføringa er. Dette bør kunne målast i øvre del av Risaskarelva og lengre nede. Dette skal vere på plass når dei nye generatorane startar opp.

Kapasitet til meir innmating på nettet

Det står i svar frå høyring frå både Istad Nett og Møre Nett at der er begrensningar i distribusjonsnettet (på 22kV) Betyr dette at det blir behov for nye anleggsarbeid på for eksempel ein større trase´ av el. stolpar ute på dyrkamark og utmark? Og kan ikkje nettet i dag ta imot den auka straumproduksjonen frå Vartdal kraftverk?

Helikoptertrafikk

Helikoptertrafikk skal ikkje vere til hinder for beitande dyr. Grunneigarane skal varslast. Grind skal monterast ved bru ved kraftstasjonen. Vi ber om at grunneigarane får høyringsrett for innspel før miljøplan event. konsekvensutgreiing jfr krav i oversendingsbrev. Dette for at vi i byggeperioden og i framtida kan ha ein god dialog.

Auke minstevassføringa i sommarhalvåret og i vinterhalvåret

Vi ber om at minstevassføringa blir auka til 40 l/s i sommarhalvåret og at evt vinterproduksjonen blir skyvd fram og startar 10.september. Dette for at «det økonomiske tapet» for Tussa blir mindre.

Det er fullt mogleg at dei ulike interessene både- kraftproduksjon - naturmangfald - friluftsliv- næringsliv blir ivareteke for framtida. Elles er det næringslivet som står ansvarleg for at vi i framtida misser livskvalitet og naturmangfold.

Mvh,

Sauebøndene og grunneigarane oppe på Risaskaret frå matrikkelgarden Vartdal,

Anne Pilar Aarseth

Øyunn Kleiva

Kontaktperson Anne Pilar Aarseth (Mob: 41606822)

Kvithaugane 24, 6170 Vartdal

E-post: annepilar.aarseth@gmail.com

Kopi:

Ørsta kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tussa Energi AS

Vartdal Vassverk

Naturvernforbundet